

---

Saksnr: 2021/1513-18  
Saksbehandlar: Sigrid Furnes

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

**Tildeling - Tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale 2021**

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune løyver totalt 650 000 kr til utvikling av folkebiblioteklokale i kommunane. Tilskota vert fordelt slik:

Søknad nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tildeling
1	Stryn	Digital formidling i biblioteklokalet	20 000
2	Sunnfjord	Nye løysingar for betre besøksoppleving ved Førde bibliotek i Sunnfjord	100 000
3	Luster	Service - og opplevelsesplassen	avslag
4	Eidfjord	Mot lysare tidar	20 000
5	Austrheim	Bibliotek på bakkeplan	avslag
6	Årdal	Ut av hylla	10 000
7	Voss	Digitalt titteskåp	avslag
8	Gloppen	Folk, fargar, fakta og fantasi	150 000
9	Fitjar	Fitjar folkebibliotek - ein god stad å møtast	avslag
10	Lærdal	Meiroke bibliotek	100 000
11	Kinn	Meiroke bibliotek	150 000
12	Høyanger	Renovering av Høyanger folkebibliotek	avslag
13	Austevoll	Eit spelerom for alle	avslag

Gloppen kommune får totalt ei løyving på 250 000 kr. Av desse vert 100 000 kr disponert av fylkeskommunen til interiørarkitekttenester.

**Samandrag**

Ordninga har som føremål å stimulere folkebiblioteka i Vestland til å fornye biblioteklokala for å drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt. Det står 650 000 kr til rådvelde. Av desse er 600 000 kr løyvd over ordinært budsjett, medan 50 000 kr er restmidlar frå Modellbibliotekprogrammet i Hordaland fylke

Det er kome inn 13 søknader, 7 av desse er tilrådd støtte.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Elin Golten  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Føremålet med ordninga er å stimulere folkebiblioteka i Vestland til å fornye biblioteklokala for å drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Til grunn for ordninga ligg behovet for å utvikle folkebiblioteka som relevante kulturarenaer, læringsarenaer og møteplassar, jf. §1 i folkebiblioteklova. Biblioteklokalet skal vere ein open, inkluderande og tilgjengeleg stad for rekreasjon, debatt, opplysning og kunnskap. For å oppfylle samfunnsoppdraget har mange bibliotek behov for nye eller renoverte lokale. Det kan resultere i fleire aktivitetar tilpassa innbyggjarane sine behov lokalt, utprøving av meiroopne bibliotek, nye formidlingsmetodar og samarbeidsformer.

Fylkeskommunen vil i tillegg til løyving gjennom ordninga, bidra med kompetanse og gi hjelp med gjennomføring av prosjekt, t.d. med hjelp til val av interiørarkitekt, deltaking i prosjektgruppe, aktualisering av samlingar og liknande.

Tilskotsordninga byggjer på det tidlegare modellbibliotekprogrammet i Hordaland som sidan 2014 har gitt støtte til 21 kommunar. 16 av kommunane har til no fått nye eller ombygde hovudbibliotek eller filialar. 11 av desse biblioteka er meiroopne, dvs. at brukarane har tilgang til biblioteket utanom betent opningstid.

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering.	
Søknadsfrist:	22. mars 2021
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
	PS 2020/78145
Informasjon om ordninga:	Informasjon på nettstad, FB og e-post til den enkelte kommune
Budsjett 2021:	650 000 kroner
Samla søknadssum:	1 506 404 kroner
Samla løyving:	650 000 kroner
Tal på søknadar:	13
tildelt støtte:	7

Det vert vist til vedlegg med oversikt over søkjarar for grunngeving av vedtaket.

## Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga

Ordinga viser korleis fylkeskommunen kan initiere kommunane til å utvikle folkebiblioteka til gode møteplassar og levande og relevante kulturarena i sine lokalsamfunn. Søknadane viser at mange kommunar har behov for oppgraderte og tilpassa biblioteklokale. Samla er det søkt om 1 506 404 medan det er løyvd 600 000 kr til fordeling. Midlane dekkjer dermed ikkje behovet, og gjer at ikkje alle får tildelt støtte sjølv om dei oppfyller føremålet med ordninga.

Det er store skilnader mellom biblioteka i Vestland. I mange kommunar og bygder er biblioteket einaste offentlege kulturinstitusjon og ein viktig møteplass for innbyggjarane. Tilbodet er gratis og er eit viktig ledd i arbeidet for sosial utjamning, for å hindre utanforskap og førebygge levekårsutfordringar i samfunnet. For at biblioteka skal ha moglegheit til å vere relevante kultur- og læringsarenaer krev det lokale som sikrar eit velfungerande samspel mellom rom og funksjon og

som gjer at folk oppsøker biblioteket og ønskjer å møtast og bruke tid der. Gode bibliotek er med på å styrke og løfte lokalsamfunna.

### Vurderingskriterium

Søknadane har blitt vurderte ut frå om tiltaket er i tråd med føremålet, og om kriterium for å kunne bli tildelt støtte er oppfylte.

I tillegg er det for kvar søknad gjort ei heilskapsvurdering av tiltaket sine kvalitetar og gjennomføringspotensiale. I dette ligg m.a. om tiltaket har eit tydeleg føremål og er planlagt ut frå definerte lokale behov, og om det fører til eit utvida tilbod og betre tenester for publikum. Søknaden må gi tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon om prosjektet eller tiltaket for å kunne bli tildelt støtte. Det er òg tatt omsyn til geografisk spreing i fylket, og om bibliotekavdelinga har fått tildeling tidlegare.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket er i samsvar med budsjett.

Klima:

Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

Folkehelse:

Tilgang til gode bibliotektenester medverkar til å redusere sosial ulikskap, og kan påverke livskvaliteten til mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014-2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevingar har positiv innverknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi):

Tiltaket støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordninga støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Ein av strategiane er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Ordninga er med på å oppfylle målsetjingar i regional plan for Hordaland 2015-2015 og regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019-2027. Tiltaket bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga for utvikling av folkebiblioteklokale som eit viktig bidrag til fylkeskommunane sitt arbeid med å utjamne forskjellar mellom bibliotek og utvikle biblioteka til sentrale arenaer i lokalsamfunna. Det vert løyvd samla 650 000 kr til sju kommunar til utvikling av folkebiblioteklokale.